



--

Arkiv saknr:	2016/79
Løpenr.:	702/2016
Arkivkode:	212

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet	25.02.2016	16/13
Kommunestyret		

Sakshandsamar: Gry Åsne Aksvik

Årsrapport frå skatteoppkrevjaren

Vedlegg:

- 1 Årsrapport for 2015
- 2 Årsrekneskap
- 3 Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vinje kommune

Bakgrunn:

Skatteoppkrevjaren skal utarbeide ein årsrapport som omtalar alle ansvarsområda i denne instruksen. Årsrapporten skal sendes skattekontoret og kommunale styringsorgan innan 20. januar.


Vurdering:

Den totale skatte- og avgiftsinngangen viser ein auke frå 400,4 til 411,7 mill. kr. frå 2014 til 2015. Skatten frå personlege skattyttarar syner ei auke på 4,5 mill kr frå 2014, auka er større enn fjordåret. Totalt er det ei auke på 11,3 mill kr (2,8%), av dette er 268,7 mill skatt, 85,1 mill medlemsavgift til Folketrygda og 57,9 mill i arbeidsgjevaravgift.



Skatterestansane har gått opp med ca 2,9 mill. Det er særleg restskatt person som har gått opp. Auka er særleg knytt til 17 skatteyttarar. Det er sett i verk ulike tiltak for å krevje inn dei

skyldige beløpa, og andre tiltak blir vurdert fortløpande. Ein reknar med at dette er ein mellombels auke, og ein arbeidar for å få ned restansa i åra framover.



Ressursane som er avsett til arbeidet med skatteområdet har vore lågare enn tidlegare år i påvente av ein avklaring om skatteinnkrevjinga blei statleg eller ikkje. Det er nå bestemt at det fortsatt skal vera ein kommunal ordning, og ein vil starte prosessen med å få tilsett ein fast person i stillinga knytt til skatteinnkrevjing. Ein syner elles til vedlagt årsrapport.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek rapporten til vitande.

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/